

Søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal – gjødselvarer

Søknaden skal sendast til kommunen der driftssenteret er plassert. Kommunen kan godkjenne gjødsling der det er ønskeleg, og avslå for areal der det ikke er ønskt med gjødsling. Gjødsling av innmarksbeite er viktig for å sikre god beitevekst, men ein skal òg ta omsyn til vassmiljø og område med biologisk mangfald.

Husdyrgjødsel/biorest: NB! Du kan ikke spreie husdyrgjødsel på innmarksbeite før det føreligg eventuell godkjenning fra kommunen. For areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikke behov for ny godkjenning. Ver likevel merksam på at du ikke kan spreie gjødsel nærmere enn 6 meter fra vassdrag, og berre på areal som framleis er innmarksbeite. Utrekna dekar spreieareal fra gammal godkjenning kan difor vere feil i dag.

Mineralgjødsel: Frå 2025 er det innført krav om godkjenning òg for bruk av mineralgjødsel på innmarksbeite. Dei tre første åra kan du likevel spreie mineralgjødsel på innmarksbeite som er oppført med mineralgjødsel i gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Frå 2028 kan du ikkje spreie noko mineralgjødsel på innmarksbeite før godkjenning.

Grunnopplysningar			
Organisasjonsnummer	Føretakets namn	Gnr./bnr.	Kommune
Etternavn	Før- og mellomnamn		
Adresse	Postnr.	Poststad	
Telefonnr./mobilnr.	E-postadresse		

	Ja	Nei
Gjeld søknaden godkjenning for bruk av berre mineralgjødsel?		
Gjeld søknaden generell godkjenning for både husdyrgjødsel/biorest og mineralgjødsel?		

Teig	Ca. dekar	Planlagt beitebruk (dyreslag, ca. antal og ca. tid)	Gnr./bnr.	Type gjødsel	Husdyr- gjødsel/ biorest	Mineral- gjødsel
Sum						

Korleis skal husdyrgjødsla spreast?

Dato og stad:	Underskrift
---------------	-------------

Nødvendig vedlegg:

- ✓ Kart der det aktuelle arealet er merka. Informasjon om kva gjødselslag du søker om å bruke på ulike areal må kome fram av kartet som du legg ved søknaden.
- ✓ Gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Dette er aktuelt uansett kva godkjenning du søker om. Dokumentasjon og kommentarar om tidlegare gjødsling på beita er relevant for kommunen si vurdering.

Framgangsmåte for å lage kart:

- Gå inn på <https://gardskart.nibio.no/>
- Søk opp kommune og gnr/bnr, evt. Legg til flere eigedomar
- Zoom inn til rett innmarksbeite
- Gå til Teikne/måle, Flate:
Merk aktuelt areal ved å venstre-klikke med mus, dobbeltklikk for å avslutte flate
- Trykk Lag pdf for utskrift / lagring:
Velg kartutsnitt og finn beste målestokk.
Dra den gule firkanten slik at den dekker aktuell innteikning
Velg Avansert gårdskart for val mellom ståande og liggande format
- Trykk lagre fil for utskrift
Du får då en pdf som du lagrar på eigen pc
- Last pdf av teigen opp i søknaden

Du kan evt. heller gjere tilsvarande i andre kartløysingar.

Gjødslingsplan:

Planlagt bruk av husdyrgjødsel og mineralgjødsel på innmarksbeite må bli inkludert i gjødslingsplanen etter at areala er godkjent som spreieareal for gjødsel.

Heimel

Jf. § 17 i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. Spreiing av gjødselvarer kan berre skje på fulldyrka og overflatedyrka jord. Ein kan også spreie på innmarksbeite **etter** godkjenning frå kommunen. Kommunen skal i si vurdering legge særleg vekt på kva verknadar gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på ein forsvarleg måte.

Jf. § 18 om *vegetasjonssone som er bandlagt mot spreiing* blir det stilt krav om å halde minst 6 meter avstand til vassdrag for alle gjødselslag ved spreiing i innmarksbeite.

Jf. § 20 om *avgrensingar for tilførsel av fosfor på jordbruksareal* kan ein ikkje tilføre meir enn 2 kg fosfor per dekar innmarksbeite i løpet av eit år.

Jf. § 36 om overgangsreglar punkt 2. omhandla *beite godkjent som spreieareal*, og fastslår at for areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen ha godkjent innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.